

Årsmelding for Myrkdalen ungdomslag 2008.

Myrkdalen ungdomslag har i året 2007/2008 hatt dette styret:

Leiar :Geir Ove Nesheim

Skrivar: Anne Grethe Austerheim

Kasserar: Toril Årnot

Styremedlemer : Bjørn Vedå og Ole Kristian Årnot.

Dette året har det ved ein glipp ikkje vorte sendt ut ny medlemskapskontigent, noko som vert retta opp i 2008. Laget har hatt styremøter ved behov, i år 4 møter. Årets store arrangement vart tradisjonen tru påskemarknaden, eit arrangement som er viktig for laget. Me takkar alle dei frivillige som bidrog til marknaden. I år vart det også haustfest, ein fest som drog rundt 70 betalande til ungdomshuset. Tradisjonen med haustfest kan me halda oppe så lenge bygdefolket støttar opp om den.

Myrkdalen ungdomslag var også i år ansvarlege for innsamlinga til TV-aksjonen, alle me møtte på var positive til innsamlingsaksjonen.

Huset har vore utleigd ved ulike anledningar, og styret i landskapsparken leiger huset jevnleg til sine styremøter. Berre bra at huset vert brukt, så det er berre til å henvenda seg til styret om det er nokon som ynskjer å nytta huset.

Bjørn Vedå står i år på val, han tek ikkje attval. Valnemnda har jobba med dette fram mot årsmøtet, og har fått Kjell Nesheim inn i styret. Neste arrangement no vert påskemarknaden. Til våren tek me også sikte på ein dugnad i og rundt ungdomshuset, håpar då at folk kan stilla opp til eit felles løft for ungdomshuset.

Årsmeldar Geir Ove Nesheim